

10/7.27

Internett: www.e-h.kommune.no



Evje og Hornnes kommune

Ordfører

12.06.2012

Aust-Agder Fylkeskommune

Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

Vår ref:
2012/97-7

Saksbeh:
Bjørn Alfred Ropstad ☎ 37 93 23 05
E-post: bropstad@e-h.kommune.no

Arkivkode:
040

Dato:
12.06.2012

Framlegg til nasjonal transportplan 2014 - 2023 - høring

Innleiing

Nasjonal transportplan (NTP) gir klare føringar for utviklinga av statleg infrastruktur innanfor veg, bane, sjø og luft dei komande åra. Fagetatane har nå lagt fram eit samordna framlegg til Nasjonal transportplan for 2014 – 2023. Høyringsfristen til framlegget er sett til 29.06.12. Etter at Samferdselsdepartementet har arbeidd vidare med dokumentet og høyringar, blir NTP 2014 – 2023 vedteken av Stortinget våren 2013. Endeleg plan vil bli lagt til grunn for handlingsprogram og komande budsjett.

Utbygging av infrastruktur for kommunikasjon påverkar samfunnsutviklinga i svært stor grad. Skal ein utvikle konkurransedyktige regionar, er det heilt naudsynt med effektive og trygge transportsystem. I Setesdal er veg einaste transportkanal, og det er derfor avgjerande for regionen si utvikling at Rv 9 er godt utbygd.

Samordna prioritering i landsdelen:

Agder har felles strategi for regional utvikling, redusere levekårsutfordringar og styrke trafikktryggleiken i landsdelen. Strategien tek utgangspunkt i «ankeret», som omfattar følgjande prioriterte utbyggingar:

- E18 Tvedestrand – Arendal,
- E39 Gartnerløkka - Søgne grense og E39 Søgne grense – Ålgård
- Rv 9 – "Gul stripe til Hovden".

Det er brei semje om prioriteringane, og dei er stort sett i tråd med det som har vore landsdelen sine prioriteringar gjennom fleire år. Fordi prosjekta har ganske ulik planstatus, er det liten innbyrdes konkurranse mellom dei.

Skal vi nå felles ambisjonar for utbygging av vegnettet, er det naudsynt med stor auke i utbyggingstakten i landsdelen.

Rv 9 og forslag til NTP 2014 – 2023:

Fullføring av Krokå – Langeid nord blir gjennomført som siste prosjekt i Setesdalspakka, og parsellen skal vere klar til bruk i 2013.

Dersom ein legg til grunn dagens økonomiske nivå i komande NTP, er det ikkje prioritert tiltak til utbygging av Rv 9.

Ved + 45 % ramme er det lagt inn ei statleg økonomisk ramme på 500 mill. kroner til utbygging av Rv 9. Desse midlane er fordelt med 200 mill. kroner i første fireårs periode og 300 mill. kroner i siste planperioden. Det er i tillegg rekna med å bruke 100 mill. kroner i eigenfinansiering ved bruk av konsesjonskraftmidlar, fordelt mellom periodane med 40 mill. kroner og 60 mill. kroner.

Kostnadsoverslag:

Statens vegvesen har rekna ut at kostnad for fullføring av utbygginga av Rv 9 med gul midtstripe til Hovden, vil koste om lag 670 mill. kroner. Det blir arbeidd med å vurdere rasfare ved Frøysnes og Langeid. Resultatet av vurderinga kan medføre justeringar i kostnadsoverslaget.

Uttale til forslaget til NTP 2014- 2013:

Evje og Hornnes kommune sluttar seg til hovudmåla i utkastet til ny nasjonal transportplan (NTP) 2014-2023. Vi ser og at det er tenleg å prioritere opp gradering og fornying, og å ta att etterslepet på vegvedlikehaldet. I tillegg er det svært viktig å fullføre prosjekt som er i gang.

Evje og Hornnes kommune støttar opp om Agder sine felles prioriteringar, og er stort sett nøgd med forslaget til neste NTP, om ein legg + 45 % ramma til grunn. Det er positivt at det blir lagt opp til:

- Effektiv planlegging
- Rask og heilskapleg utbygging
- Samarbeid med bransjen, for å sikre tilstrekkeleg kapasitet og kostnadseffektiv utbygging
- Føreseieleg finansiering

Når det gjeld Rv 9, så forventar vi at det blir lagt inn formulering som sikrar fullføring av utbygginga innan 2023, uavhengig av tillegg på dagens rammenivå.

Vi er avhengig av ein effektiv og trygg Rv 9, for å ha fundament for vidare utvikling og vekst i regionen vår. Det er svært viktig å redusere næringslivet sine faktiske avstandsulemper, og dermed auke konkurransekrafta. Setesdal er ein viktig region for rekreasjon og fritidsaktivitetar i landsdelen. Trygg og effektiv veg er viktig for å oppretthalde dette næringsgrunnlaget i Øvre Setesdal. Regionen har heller ikkje komplementære transportsystem, som jernbane, fly eller fergje.

Rv 9 er på mange måtar sjølv livsåra i Setesdal. Fullført utbygging vil skape regionforstørring og viktig utviding av bu- og arbeidsmarknaden. Men vegen gir også viktig reiserute til fjordane i vest, og er ei viktig ferdselsåre mot kontinentet. Rv 9 må vere ein prioritert transportkorridor når Hardangerbrua nå er i ferd med å bli ferdigstilt, både ut frå transportøkonomisk effektivitet og av di vegen bind landsdelar saman via knutepunktet i Haukeli. Når gul midtstripe er på plass, vil sambandet frå kontinentet via Kristiansand til knutepunktet på Haukeli – og aust-vest samband både til Stavanger, Bergen og Oslo bli årer med monaleg innsparing i transportkostnadar og tidsbruk.


Utbygginga av Rv 9 har vist eit gunstig kostnadsbilde. Det er lagt ein nøktern standard til grunn, og vi får mykje for att for investeringane. Kostnadene for fullføring av utbygginga må seiast å vere rimelege i samband med vegbygging. Kommunane i Setesdal har gjennom mange år arbeidd aktivt for å få gjennomført utbygging av Rv 9 til ein akseptabel standard. Regionen har vist stor vilje til eigenfinansiering, både ved bompengar og bruk av konsesjonskraftmidlar.

Den utbygginga som er gjennomført for å få tofelts veg til Hovden, har teke lang tid. Det står att i underkant av 40 km, og kostnadsoverslaget viser eit gunstig bilde. Evje og Hornnes kommune forventar at fullføringa blir gjennomført ved samanhengande planlegging og utbygging, fram til ferdigstilling innan 2023. Vi forventar at dette blir lagt inn i Nasjonal Transportplan for 2014 – 2023, uavhengig av kva rammenivå som blir lagt til grunn.

Med hilsen
Evje og Hornnes kommune



Bjørn Alfred Ropstad
Ordfører



Bykle kommune

Ordføreren

Aust Agder Fylkeskommune
Fylkeshuset Postboks 788 Stoa

4809 ARENDAL

Vår ref:
2012/378-I

Sakshandsamar:
Tallak Hosleme, ☎ 37938500

Arkivkode:

Dato:
07.06.2012

Framlegg til nasjonal transportplan 2014 - 2023 - høyring

Innleiing

Nasjonal transportplan (NTP) gir klare føringar for utviklinga av statleg infrastruktur innanfor veg, bane, sjø og luft dei komande åra. Fagetatane har nå lagt fram eit samordna framlegg til Nasjonal transportplan for 2014 – 2023. Høyringsfristen til framlegget er sett til 01.07.12. Etter at Samferdselsdepartementet har arbeidd vidare med dokumentet og høyringar, blir NTP 2014 – 2023 vedteken av Stortinget våren 2013. Endeleg plan vil bli lagt til grunn for handlingsprogram og komande budsjett.

Utbygging av infrastruktur for kommunikasjon påverkar samfunnsutviklinga i svært stor grad. Skal ein utvikle konkurransedyktige regionar, er det heilt naudsynt med effektive og trygge transportsystem. I Setesdal er veg einaste transportkanal, og det er derfor avgjerande for regionen si utvikling at Rv 9 er godt utbygd.

Samordna prioritering i landsdelen:

Agder har felles strategi for regional utvikling, redusere levekårsutfordringar og styrke trafikktryggleiken i landsdelen. Strategien tek utgangspunkt i «ankeret», som omfattar følgjande prioriterte utbyggingar:

- E18 Tvedestrand – Arendal,
- E39 Gartnerløkka - Søgne grense og E39 Søgne grense – Ålgård
- Rv 9 – "Gul stripe til Hovden".

Det er brei semje om prioriteringane, og dei er stort sett i tråd med det som har vore landsdelen sine prioriteringar gjennom fleire år. Fordi prosjekta har ganske ulik planstatus, er det liten innbyrdes konkurranse mellom dei.

Skal vi nå felles ambisjonar for utbygging av vegnettet, er det naudsynt med stor auke i utbyggingstakten i landsdelen.



Rv 9 og forslag til NTP 2014 – 2023:

Fullføring av Krokå – Langeid nord blir gjennomført som siste prosjekt i Setesdalspakka, og parsellen skal vere klar til bruk i 2013.

Dersom ein legg til grunn dagens økonomiske nivå i komande NTP, er det ikkje prioritert tiltak til utbygging av Rv 9.

Ved + 45 % ramme er det lagt inn ei statleg økonomisk ramme på 500 mill. kroner til utbygging av Rv 9. Disse midlane er fordelt med 200 mill. kroner i første fireårs periode og 300 mill. kroner i siste planperioden. Det er i tillegg rekna med å bruke 100 mill. kroner i eigenfinansiering ved bruk av konsesjonskraftmidlar, fordelt mellom periodane med 40 mill. kroner og 60 mill. kroner.

Kostnadsoverslag:

Statens vegvesen har rekna ut at kostnad for fullføring av utbygginga av Rv 9 med gul midtstripe til Hovden, vil koste om lag 670 mill. kroner. Det blir arbeidd med å vurdere rasfare ved Frøysnes og Skomedal. Resultatet av vurderinga kan medføre justeringar i kostnadsoverslaget.

Uttale til forslaget til NTP 2014- 2013:

Bykle kommune sluttar seg til hovudmåla i utkastet til ny nasjonal transportplan (NTP) 2014-2023. Vi ser og at det er tenleg å prioritere oppgradering og fornying, og å ta att etterslepet på vegvedlikehaldet. I tillegg er det svært viktig å fullføre prosjekt som er i gang.

Vi er stort sett nøgd med forslaget til neste NTP, om ein legg + 45 % ramma til grunn. Det er positivt at det blir lagt opp til:

- Effektiv planlegging
- Rask og heilskapleg utbygging
- Samarbeid med bransjen, for å sikre tilstrekkeleg kapasitet og kostnadseffektiv utbygging
- Føresieleg finansiering

Bykle kommune støttar opp om Agder sine felles prioriteringar, som omfattar

- E18 Tvedestrand – Arendal,
- E39 Gartnerløkka - Søgne grense og E39 Søgne grense – Ålgård
- Rv 9 – ”Gul stripe til Hovden”.

Når det gjeld Rv 9, så forventar vi at det blir lagt inn formulering som forpliktar samanhengande planlegging og restutbygging, fram til fullføring av tofelts veg til Hovden innan 2023, uavhengig av tillegg på dagens rammenivå. Det må også gjevast forplikting til utbygging for minst 240 mill. kroner i første handlingsplanperiode.

Vi er avhengig av ein effektiv og trygg Rv 9, for å ha fundament for vidare utvikling og vekst i regionen vår. Det er svært viktig å redusere næringslivet sine faktiske avstandsulemper, og dermed auke konkurransekrafta. Setesdal er ein viktig region for rekreasjon og fritidsaktivitetar i landsdelen. Trygg og effektiv veg er viktig for å oppretthalde dette næringsgrunnlaget i Øvre Setesdal. Regioncn har heller ikkje komplementære transportsystem, som jernbane, fly eller fergje.


Rv 9 er på mange måtar sjølve livsåra i Setesdal. Fullført utbygging vil skape regionforstørring og viktig utviding av bu- og arbeidsmarknaden. Men vegen gir også viktig reiserute til fjordane i vest, og er ei viktig ferdselsåre mot kontinentet. Rv 9 må vere ein

prioritert transportkorridor når Hardangerbrua nå er i ferd med å bli ferdigstilt, både ut frå transportøkonomisk effektivitet og av di vegen bind landsdelar saman via knutepunktet i Haukeli. Når gul midtstripe er på plass, vil sambandet frå kontinentet via Kristiansand til knutepunktet på Haukeli – og aust-vest samband både til Stavanger, Bergen og Oslo bli årer med monaleg innsparing i transportkostnadar og tidsbruk.

Utbygginga av Rv 9 har vist eit gunstig kostnadsbilde. Det er lagt ein nøktern standard til grunn, og vi får mykje for att for investeringane. Kostnadene for fullføring av utbygginga må seiast å vere rimelege i samband med vegbygging. Kommunane i Setesdal har gjennom mange år arbeidd aktivt for å få gjennomført utbygging av Rv 9 til ein akseptabel standard. Regionen har vist stor vilje til eigenfinansiering, både ved bompengar og bruk av konsesjonskraftmidlar.

Den utbygginga som er gjennomført for å få tofelts veg til Hovden, har teke lang tid. Det står att i underkant av 40 km, og kostnadsoverslaget viser eit gunstig bilde. Bykle kommune forventar at fullføringa blir gjennomført ved samanhengande planlegging og utbygging, fram til ferdigstilling innan 2023. Vi forventar at dette blir lagt inn i Nasjonal Transportplan for 2014 - 2023, uavhengig av kva rammenivå som blir lagt til grunn.

Med helsing



Jon Rolf Nauss
ordforar